



Øygarden kommune

Årsplan 2020 -2021

Tjeldstø SFO




Innhald

Innhald:	s. 1
Velkomen / Om SFO	s. 2
Foreldresamarbeid	s. 3
DUÅ	s.3
Kven jobbar på SFO	s. 3
Dagsrytme og vekeoversikt	s. 4
Reglar på SFO:	s. 5
Mat og måltid:	s. 5
Praktisk informasjon:	s 5-6



Velkomen til Tjeldstø SFO



Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet i SFO. Den er også informasjon til foreldre/føresette, eigar og andre interesserte om Tjeldstø skule sitt SFO tilbod.

Kva er SFO: § 2 Definisjon og formål:

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod før og etter den obligatoriske skuletida for alle elevar på 1.- 4.trinn. Barn på 5.- 7.trinn med særskilde behov, kan også søkja plass i skulefritidsordninga. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, sosial læring, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser. Vidare skal skulefritidsordninga gje barna omsorg og tilsyn. Barn med særskilde behov skal gjevast gode vilkår for utvikling. Skulen sine generelle mål gjeld også for skulefritidsordninga (vedtekter for skulefritidsordninga i Øygarden kommune)

Målet for Tjeldstø SFO:

"SFO skal:

- Ivareta småskulebarnas behov for variert leik og aktivitet
- I samarbeid med heim og skule gi barna et best mulig grunnlag for trivsel, læring og utvikling.
- Gi familien trygghet for at barna blir ivaretatt på en god måte.

Tryggleik er viktig for at barna skal trives på SFO. Barn må kjenne seg trygge på dei vaksne og dei andre barna på SFO.

SFO er barnas fritid, og barna skal i stor grad være med å velje kva dei vil gjere, men vi vil og ha nokre styrte aktivitetar.

Leik, læring og sosial kompetanse:

Leiken har stor plass i SFO. Barna skal ha tid og rom til å leike kvar dag både inne og ute. Leiken har egenverdi og er ein grunnleggende livs- og læringsform som har betydning for barnas sosiale og fysiske utvikling

Gjennom leiken uttrykker dei følelsar, tankar og dei bearbeider inntrykk og opplevelser. Dei lærar å være kreative, samspele med andre og respektera kvarandre som menneske.

«Leken som metode representerer ein viktig føresetnad for det arbeidet som gjøres i SFO og skal i større grad enn skolen være ein plass der barn kan leike uforstyrra - under tilsyn av, men utan unødig innblanding frå vaksne. Utdanningsdirektoratet»

Gjennom leiken får barn ein særskilt muligheit til å lære seg å kommunisera og samhandle med andre. SFO blir dermed ein viktig læringsarena for utvikling av barns evne til positiv samhandling med jernaldrane og vaksne.. Vaksne skal

Målet er at alle skal føle seg like betydningsfulle, og at vi klarer å få fram kvart enkelt barns evner og eigenskapar. Vi skal hjelpe barna med å utvikle empati, respekt og toleranse ovenfor andre, blant anna gjennom å være gode rollemodeller og tydelege, gode vaksne i samspel med barn, foreldre og kvarandre.

Foreldresamarbeid:

Vi er her for barna dykkar og ynskjer eit tett og godt samarbeid. God kommunikasjon mellom heimen og SFO er viktig for barnas tryggleik og trivsel og for å sikre at informasjon kjem fram begge veier.

Oppmodar alle til å setja seg inn i vedtektene for SFO for Øygarden kommune. Dei ligg på kommunens heimesider under SFO.

Foreldresamtalar etter behov avtalast med SFO leiar, Elisabeth Ledang Helle

SFO leiars kontor er ved 1 og 2.klasse garderoben –ta kontakt om det er noko, stort eller smått, ris eller ros ☺

SFO leiar har tett samarbeid med rektor, avdelingsleiar og kontaktlærarane.

Tlf:56385513, SFO mobil 99216107 og e-post:

elisabeth.ledang.helle@oygarden.kommune.no

Henting på SFO: vi vil at dykk hentar på SFO med mindre det føreligg faste avtalar på at barna skal gå eller dykk gir beskjed om at dei skal gå heim sjølve.

Hugs å gi beskjed dersom barnet ikkje skal på SFO.

På heimesida vert det lagt ut planer og informasjon.

DUÅ:

Tjeldstø skule og SFO har vore kursa i dei utrolige åra og arbeidar etter DUÅ prinsippa.

Eit viktig prinsipp i DUÅ er å fokusere på relasjonene og den gode samhandlingen mellom barn, og mellom barn og voksne.



Kven jobbar på SFO skuleåret 2020/2021

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga, medan SFO leiar har ansvaret for den daglege leiinga av SFO.

Linda Færestrand	Rektor
Elisabeth Ledang Helle	SFO leiar
Laila Rossnes	Assistent
Iren Knappen	Barne og ungdomsarbeidar
Evy Anita Fjeldstad	Assistent
Hilde Oen	Barne og ungdomsarbeider
Kine Blom Hjartøy	Barne og ungdomsarbeidar



SFO

Dag og vekeplan for Tjeldstø SFO

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<p>Morgon SFO:</p> <p>7.00 –morgon SFO åpnar</p> <p>7.00 -8.00: roleg start på dagen med leik og aktivitetar</p> <p>Frokost mellom 07.00-07.50</p> <p>8.00 –vi gjer oss klar og går ut i friminutt</p> <p>8.20 –fri innmarsj</p> <p>8.30 –skulen startar</p> <p>Ettermiddags SFO:</p> <p>13.55: Opprop på basen</p> <p>SFO måltid</p> <p>Leik og aktivitetar ute og inne</p> <p>17.00 –SFO stengar</p>	<p>Morgon SFO:</p> <p>7.00 –morgon SFO åpnar</p> <p>7.00 -8.00: roleg start på dagen med leik og aktivitetar</p> <p>Frokost mellom 07.00-07.50</p> <p>8.00 –vi gjer oss klar og går ut i friminutt</p> <p>8.20 –fri innmarsj</p> <p>8.30 –skulen startar</p> <p>Ettermiddags SFO:</p> <p>12.35: Opprop på basen</p> <p>Aktivitet inne/ute</p> <p>SFO måltid - vennskapskafe, tilbod om yoghurt og gryn</p> <p>Leik og aktivitetar ute og inne</p> <p>17.00 –SFO stengar</p>	<p>Morgon SFO:</p> <p>7.00 –morgon SFO åpnar</p> <p>7.00 -8.00: roleg start på dagen med leik og aktivitetar</p> <p>Frokost mellom 07.00-07.50</p> <p>8.00 –vi gjer oss klar og går ut i friminutt</p> <p>8.20 –fri innmarsj</p> <p>8.30 –skulen startar</p> <p>Ettermiddags SFO:</p> <p>13.55: Opprop på basen</p> <p>SFO måltid</p> <p>Leik og aktivitetar ute og inne</p> <p>17.00 –SFO stengar</p>	<p>Morgon SFO:</p> <p>7.00 –morgon SFO åpnar</p> <p>7.00 -7.30: roleg start på dagen med leik og aktivitetar</p> <p>Frokost mellom 07.00-07.30</p> <p>07.30 -08.00 -leik i gymsalen.</p> <p>8.00 –vi gjer oss klar og går ut i friminutt</p> <p>8.20 –fri innmarsj</p> <p>8.30 –skulen startar</p> <p>Ettermiddags SFO:</p> <p>13.55: Opprop på basen</p> <p>SFO måltid</p> <p>Leik og aktivitetar ute og inne</p> <p>17.00 –SFO stengar</p>	<p>Morgon SFO:</p> <p>7.00 –morgon SFO åpnar</p> <p>7.00 -8.00: roleg start på dagen med leik og aktivitetar</p> <p>Frokost mellom 07.00-07.50</p> <p>8.00 –vi gjer oss klar og går ut i friminutt</p> <p>8.20 –fri innmarsj</p> <p>8.30 –skulen startar</p> <p>Ettermiddags SFO:</p> <p>12.35: Opprop på basen</p> <p>Aktivitet inne/ute</p> <p>SFO måltid - varmmat</p> <p>Lesestund med teikneaktivitet</p> <p>Leik og aktivitetar ute og inne</p> <p>17.00 –SFO stengar</p>

Reglar på SFO:

I tillegg til reglane på skulen vil vi og ha 3 reglar på SFO som vi lager saman med barna og heng opp på basen.

Skulereglar:

1. Vi helsar kvar morgon, og takkar for dagen kvar dag.
2. Pultane skal vere ryddig når du forlèt klasserommet.

SFO reglar:

3. Vi snakkar med innestemme
4. Vi sitter ved bordet til vi seier takk for maten.
5. Vi henger opp klærne våre i garderoben

Dei generelle ordensreglane for skulen gjeld også for SFO.

Mat og måltid på SFO:

Vi spiser på SFO ca 14.00 kvar dag . Barna må ha med matpakke til SFO måltidet. Dei får melk eller vatn til maten. Det er viktig at barna har nok mat til SFO

Tirs dagar har vi «vennskapskafè» på SFO –så lenge vi er på gult korona nivå må vi sitte på dei faste plassane våre, og dei får tilbod om ein porsjon med gryn og mjølk/ yoghurt . Når vi kjem over i grønt nivå vil vi igjen gå over til vanleg vennskapskafè der vi sit saman med andre enn dei faste gruppene og passa på at alle har ein venn å sitje saman med.

Fredag har vi varmmat, men ta med matpakke i tillegg. (I tilfelle dei ikkje likar det vi har, eller er meir svolten) På grønt nivå kan barna vere med å lage maten, men i gult nivå blir maten servert porsjonsvis.

Vi ynskjer å ha eit hyggeleg måltid der vi pratar saman om forskjellige tema og aktuelle hendingar.

Vi har ingen fast turdag på SFO dette skuleåret, men vil etter kvart gå på spontane turar i nærmiljøet som til dømes til eventyrskogen.

Praktisk informasjon

- På sfo er det viktig å ha minst eit byte med klede. Det betyr at kanskje kvar elev må ha minst to byter til einkvar tid slik at elevane framleis har tørre klede når dei kjem på SFO om ettermiddagane. **Hugs å merke med namn.**

- Elevane som skal ete frokost på SFO må kome før 7.50. Dei vil få drikke på SFO.
- Morgon-SFO er som regel inne, men vi går ut til friminutt ca kl 8.00
- Vi har opprop på SFO basen på ettermiddags SFO – dette for å sikre at alle som skal være på SFO er tilstade før vi går ut eller har andre aktivitetar.
- Elevane som har ettermiddagstilbod må ha med seg mat til SFO-måltidet. Dei får tilbod om mjølk eller vatten til drikke. Eigen SFO matpakke kan barna leggje i kjøleskapet på basen.
- **Ferie SFO:** Det er ferie SFO i skulens haust, vinter og sommarferie. For vår skule vil det vere tilbod om ferie SFO på Rong skule.
Påmelding og informasjon på kommunens heimesider.
<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barnehage-skule-og-familie/skule/skulefritidsordning-sfo/ferie-sfo/>
- **Hugs å sei ifrå til ein vaksen når dykk hentar borna på SFO.**

